

SELSKAPSAVTALE FOR RYFYLKE IKS

Oppdatert pr. 30.08.2020:

§1 Føremål og føresetnader

Ryfylke IKS er eit interkommunalt selskap, oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29.1.1999 nr. 6, med kommunane Suldal, Hjelmeland, Strand, Sandnes og Sauda som deltakarar. Andre kommunar har høve til å søkja medlemskap.

Føremålet med selskapet er å styrkja regionen gjennom større grad av interkommunalt samarbeid med hovudvekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsprosjekt. Selskapet kan driva si verksemd dels i eigen regi og dels fungera som tilretteleggar for andre både offentlege og private verksemdar.

Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.

Selskapet kan òg inngå samarbeidsavtalar med kommunar, andre selskap og verksemdar.

Selskapet sitt administrasjonsmål er nynorsk.

§2. Målsetjingar

1. Å klarleggja og nytta ut naturlege og menneskelege ressursar og føremoner i regionen for å vidareutvikla området politisk, næringsmessig, sosialt og kulturelt.
2. Å styrkja identiteten i regionen ved å utvikla samarbeidsformer mellom kommunane, næring, skule og kultur.
3. Å gje felles fråsegner på vegner av kommunane overfor fylkesstyre- og sentralstyresmakter, i saker der dette er naturleg.
4. Ei praktisk oppfølging av fylkes- og fylkesdelplanar.
5. Pådrivar for å fremja viktige regionale saker overfor styresmakter på fylkes- og statleg nivå.
6. Arbeida for at regionen vert tilført statlege og fylkeskommunale ressursar.
7. Arbeida for å lokalisera ny aktivitet inn i regionen.
8. Fylla vertskapsrolla for det regionale næringslivet.

§3 Lokalisering

Selskapet har forretningsadresse i Sande Næringsbygg, Hjelmeland.

§ 4 Eigar- og ansvarsdel

Selskapet har frå 1.1.2015 ein innskotskapital på NOK 1 500 000. Stiftingskommunane har betalt inn sin del av kapitalen fordelt mellom medlemskommunane med NOK 300.000, som utgjer eigardel for kvar av partane tilsvarende 20 %. Den enkelte deltakar eig og er ansvarleg for selskapet sine plikter i høve til fordeling av innskotskapital, slik det går fram ovanfor. Selskapet kan ta opp lån innafor ei total ramme på NOK 5 000 000 utan godkjenning i medlemskommunane.

§ 5 Organisasjon

Ryfylke IKS sine organ er Ryfylkerådet, Styret, Ryfylketinget, Rådmannsforum og Dagleg leiar.

§ 6 Ryfylkerådet

Ryfylkerådet er selskapet sitt representantskap og øvste organ. Rådet skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet i samsvar med lover og denne selskapsavtalen. Rådet gjer vedtak på vegner av Ryfylke IKS så langt ikkje anna følgjer av lov, denne avtalen eller delegasjonsvedtak.

Ryfylkerådet gjer vedtak på vegner av Ryfylke IKS i alle saker som ikkje er delegerte.

Rådet kan delegera mynde til å gjera vedtak på Ryfylke IKS sine vegner til Styret eller dagleg leiar.

Ryfylkerådet er samansett av ordførarane i eigarkommunane, samt rådmannen som har leiarfunksjonen i Rådmannsforum. Til saman 6 medlemmer. Varaordførarane og ein av rådmennene kan møta som personlege vararepresentantar.

Rådet vel sjølv rådsordførar og rådsvaraordførar for to år om gongen.

Rådet er vedtaksført når minst 3 av medlemene er til stades. Ved røysteliksap er leiaren si røyst avgjerande.

Dagleg leiar i Ryfylke IKS tek del i møta med tale- og framleggsrett.

Rådsordførar kan kalla inn andre til møta når han/ho finn det føremålstenleg for sakshandsaminga. Desse kan gje opplysningar og utgreiingar, men har elles ikkje høve til å ta del i drøftingane.

Rådet skal ta initiativ til å fremja intensjonane i §§ 1-2 og til å drøfta saker av sams interesse for 2 eller fleire kommunar.

Ryfylkerådet er samordningsinstans for dei utvala og aktivitetane som Ryfylke IKS femner om. Rådet kan på einskildområde setja ned egne rådgevande fagutval.

Ryfylkerådet har møte etter ein oppsett årleg møteplan eller når Rådsordførar eller 3 av medlemmane krev det. Rådsordførar kallar inn Regionrådet etter den fastlagde møteplanen som er å sjå som innkalling til møte innafor 4 vekers fristen i lov om IKS. Møteplanen kan fråvikast når det er semje i Rådet om det.

Sakliste til kvart møte vert sett opp av Rådsordførar. Saker etter Lov om IKS skal meldast med 4 vekers frist. Regionrådet sjølv avgjer å ta opp saker som ikkje kan venta til neste møte.

Det skal haldast minst 4 møte i Rådet kvart år. Det eine møtet skal haldast innan utgangen av juni og skal vera årsmøte.

Årsmøte

Årsmøte i Ryfylke IKS skal haldast innan utgangen av juni og er vedtaksført når minst 4 av kommunane er representerte med ordførar eller varaordførar.

Årsmøtet skal handsama saker i tråd med lov og denne selskapsavtalen:

1. godkjenna årsmelding
2. godkjenna revidert rekneskap for siste år
3. velja styreleiar og nestleiar i styret
4. velja revisor
5. handsama andre saker som styret har lagt fram
6. avgjera fullmakter til styret
7. fastsetja godtgjersle til styret

§ 7 Styre

Styret i Ryfylke IKS skal vera samansett av 3 personar med 2 varamedlemer. Styret vert valt av Ryfylkerådet for 2 år om gongen.

Styret er vedtaksført når 2 medlemmer er til stades. Styreleiar kallar inn til møta og set dagsorden.

Styret skal sjå til at selskapet vert drive etter lover og denne selskapsavtalen. Styret skal sørgja for ei forsvarleg forvaltning av dei økonomiske midlane og føra tilsyn med dagleg leiar.

§ 8 Ryfylketinget

Ryfylketinget er eit samarbeidsorgan i Ryfylke IKS og er samansett av formannskapa og rådmennene i eigarkommunane. Ryfylketinget skal haldast minst ein gong i året. Rådsordførar er leiar i Ryfylketinget med rådsvaraordførar som nestleiar.

§ 9 Rådmannsforum

Rådmannsforum er rådgevande utval i Ryfylke IKS, og er samansett av rådmennene i dei 5 medlemskommunane.

Rådmannsforum skal arbeida for å fremja samarbeidet mellom administrasjonane i medlemskommunane.

§ 10 Dagleg leiar

Selskapet skal ha ein dagleg leiar som har ansvaret for drifta av selskapet i tråd med § 14 i Lov om IKS.

Ryfylkerådet tilset dagleg leiar.

Dagleg leiar sine oppgåver:

- Ansvarleg for dagleg drift, personale og budsjett/rekneskap for heile selskapet
- Ha den daglege arbeidsgjevarfunksjonen på vegner av styret
- Hovudansvaret for informasjonsstrategien i organisasjonen
- Sekretær for Ryfylkerådet og styret
- Samordna arbeidet til Ryfylke IKS og førebu saker til rådet og styret
- Setja i verk vedtak fatta av rådet og styret
- Ansvarleg for oppfølging av planar, tiltaksarbeid og prosjektarbeid

§ 11 Budsjett – økonomi

Ryfylkerådet gjer vedtak om budsjettet til selskapet.

Eigarkommunane garanterer for dei årlege utgiftene til selskapet basert på årsbudsjett og økonomiplan etter same prosentfordeling som i § 4. Eigarkommunane pliktar såleis i nødvendig grad å yta tilskot til dekking av selskapet sine utgifter i høve til sin eigardel. Det kan etter denne paragrafen gjerast bindande avtale på åremål om storleiken på årleg driftstilskot.

Reiseutgifter og anna godtgjersle for kommunale representantar i Ryfylke IKS sine organ og i prosjektarbeid, vert dekkja av den einskilde kommune.

Reiseutgifter og godtgjersle til styret og andre vert dekkja av Ryfylke IKS, etter dei til kvar tid gjeldande satsar.

§ 12 Selskapet sin representasjon

Ryfylkerådet representerer selskapet og teiknar firmaet.

Rådet kan gje Rådsordførar og/eller Dagleg leiar rett til å teikna selskapets firma.

Dagleg leiar representerer selskapet i saker som fell under myndet etter Lov om IKS § 14.

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Bjørn Laugaland

Underskriver

Serienummer: 9578-5995-4-3170252

IP: 92.221.xxx.xxx

2020-09-01 11:47:28Z



Asbjørn Birkeland

Underskriver

Serienummer: 9578-5993-4-2411111

IP: 77.16.xxx.xxx

2020-09-01 12:37:23Z



Stanley Wirak

Underskriver

Serienummer: 9578-5997-4-680132

IP: 91.247.xxx.xxx

2020-09-02 07:08:02Z



Gerd Helen Bø

Underskriver

Serienummer: 9578-5997-4-304095

IP: 92.221.xxx.xxx

2020-09-02 20:42:09Z



Irene Heng Lauvsnes

Underskriver

Serienummer: 9578-5997-4-333041

IP: 51.175.xxx.xxx

2020-09-06 13:04:39Z



Penneo Dokumentnøkkel: 5E5BW-W1MC3-S2XCE-3EMLQ-6E676-EJ0MQ

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>